

VEDTEKTER FOR FUSA SAMFUNNSHUSLAG

(vedtekne på årsmøtet 24.02.09, i Fusa kommunestyre 27.05.09 og i kultur- og kyrkjedep. 14.12.09.)

§ 1: Formål

Formålet med laget er å eiga og driva Fusa samfunnshus slik at innbyggjarane i krinsen har ein høveleg samlingsstad med rom for trim- og idrettsaktivitetar, møte, festar, teaterframsyningar, konsertar m.m.

§2: Bruk av huset

Huset skal vera ope for alle lovlege formål. Ingen må stengjast ute på grunn av religiøse, sosiale eller politiske syn. Huset vert elles disponert slik som styringsorgana i laget finn det formålstenleg. Det skal takast omsyn til den økonomiske stoda for huset til ei kvar tid.

Leigevilkåra skal i utgangspunktet vera dei same for alle som nyttar huset, men styret kan likevel velja å gje førerrett til medlemar av laget.

Lag og organisasjonar som høyrer til i krinsen, har førerrett til bruk av huset framfor lag og organisasjonar frå andre bygder/stader.

§3: Medlemar

Medlemar er alle einskildpersonar over 18 år, som har fast bustad i krinsen. Ein kan velja å reservera seg.

Etter årsmøtet kvart år sender styret ut faktura med fylgjeskriv med oppmoding om støtte til drift av huset. Sum vert fastsett av årsmøtet.

§4: Styringsorgan i laget

Laget har desse styringsorgana:

- a) Årsmøtet
- b) Styret

§5: Årsmøtet

Årsmøtet vert halde innan utgangen av februar. Styret kallar inn til årsmøtet med minst 2 vekers varsel, direkte til medlemane eller ved kunngjering i pressa og ved oppslag på dei vanlege stadene. Årsmøtet sine vedtak er lovlege dersom minimum 10 medlemar møter.

Dersom færre enn 10 medlemar møter, vert det kunngjort ekstraordinært årsmøte seinare same dag under føresetnad av at årsmøtet er lovleg innkalla. Revidert rekneskap og framlegg til budsjett for neste rekneskapsår vert lagt ut til gjennomsyn 14 dagar før årsmøtet.

Saker som medlemar ynskjer skal setjast på saklista til årsmøtet, må sendast skriftleg til styret seinast 15. januar.

Årsmøtet handsamar desse sakene:

- Godkjenning av innkalling og sakliste.
- Godkjenning av frammøtte medlemar.
- Val av ordstyrar.
- Val av referent
- Val av 2 personar til å skriva under møteprotokoll.
- Årsmelding
- Rekneskap
- Budsjettframlegg og økonomiske disposisjonar for komande budsjettår.
- Utleigesatsar
- Val av 5 styremedlemar (Sjå §7)
- Val av leiar for 1 år (Sjå §7)

- Val av 2 vararepresentantar for 2 år (Sjå §7)
- Val av valnemnd, 2 personar for 1 år.
- Val av 2 revisorar for 2 år
- Eventuelt innkomne saker.

Aldersgrensa for å røysta på årsmøtet er 18 år.

§6: Ekstraordinært årsmøte.

Ekstraordinært årsmøte skal kallast inn av styret når styret sjølv vel å gjera det, eller dersom minst 1/3 av medlemne krev det.

§7: Styret

Styret i laget skal ha 5 medlemar. Styret er vedtaksført når minst 3 medlemar møter. For gyldig vedtak, krevst 3 røyster.

Styremedlemar skal veljast for 2 år. Av dei som vert valde ved fyrste valet, går to ut etter eitt år, etter loddtrekning, og deretter dei som har gjort lengst teneste i styret.

Det skal veljast 2 vararepresentantar for 2 år.

Fyrste gong vert den eine vararepresentanten vald for eitt år og den andre for 2 år.

Nestleiar, kasserar og skrivar vert valde av og innan styret.

Styret skal setja i verk vedtaka i laget og tek elles dei avgjerder som administreringa av huset krev.

Styret har ikkje høve til å selja, pantsetja eller hefta laget sine faste eigedomar. Styret kan heller ikkje gjera avtale om kausjonsplikter av noko slag, eller bruka laget sine inntekter og kapital til anna enn vedlikehald og drift av huset.

Det skal førstast protokoll over forhandlingane i styret. Protokollen skal godkjennast på 1.møtet etter gjeldande styremøte og underskrivast av vald skrivar.

Underskrifta til leiaren, eller i hans fråvere underskrifta til nestleieren, er bindande for laget.

§8: Rekneskap og budsjett

Styret i laget skal syta for at det vert ført tilfredsstillande rekneskap. Rekneskapen følgjer kalenderåret og vert gjort opp og avslutta pr. 31. desember.

§9: Revisjon

Årsmøtet i laget skal velja to revisorar med tilstrekkeleg fagkunnskap. Revisjonen skal utførast etter den instruks som laget fastset.

§10: Endringar i vedtektene

Endringar i vedtektene kan berre gjerast på ordinært årsmøte og krev minst 2/3 fleirtal av dei avgjevne røystene.

Framlegg til endringar av vedtektene må vera komne til styret seinast 15.januar , og skal handsamast som eiga sak på årsmøtet.

§11: Oppløysing av laget

Vedtak om oppløysing av laget, eller overdraging av heile eiga, kan berre gjerast på årsmøtet i laget der alle medlemne er innkalla.

Dersom oppløysinga eller overdraginga av eiga skal kunna vedtakast, må minst 2/3 medlemne vera representerte på årsmøtet og minst 2/3 av røystene vera for framlegget.

Dersom ikkje 2/3 av medlemne er representerte på møtet, kan oppløysing likevel vedtakast dersom 2/3 av dei frammøtte på eit nytt møte, der alle medlemne er innkalla med minst ein månads varsel, røystar for framlegget, og då utan omsyn til talet på frammøtte medlemar.

